



FJORDINGEN

Ansvarleg redaktør
Bengt Flaten

Legar krev svar

Overlegane ved Volda sjukehus ønskjer ei politisk sak om føretaksgrensene mellom Helse Vest og Helse Midt-Norge. Det fortel avisa Møre-Nytt i Ørsta. I følgje avisa meiner legane at føretaksgrensa i dag er ei kunstig hindring for det som elles kunne ha vore naturlege pasientstraumar. Ytringa er levert i form av eit brev til styreleiaren i Helse Møre og Romsdal og er signert hovudtillitsvald for overlegane ved Volda sjukehus og føretakstillitsvald.

Legane poengterer det openberre sidan Kvivsvegen opna 22. september 2012: Ny veg har gjort avstanden betydeleg kortare mellom Volda og store delar av Nordfjord samt indre Sunnmøre. Legane seier rett ut at "det vil ha vore meiningslaust å ha brukt milliardar på ny

Halvt-anna år etter opninga av Kvivsvegen er det på høg tid å tilpasse seg verkelegheita

kommunikasjon dersom dette ikkje gir betring i ulike tilbod til innbyggjarane, inkludert kortare reiseveg til sjukehus der dette er relevant".

Det er svært positivt at også legane tek fatt i dette viktige spørsmålet som Helse Vest og Helse Midt-Norge så langt ikkje har klart å finne ei fornuftig løysing på. Rett nok har fødande kvinner frå Nordfjord fått Volda som sitt sjukehus etter at Kvivsvegen opna og fødeavdelinga ved Nordfjord sjukehus vart lagt ned. Fritt sjukehusval gjer at mange nordfjordingar vel å reise den kortare vegen til Volda når dei kan få utført same operasjon der som i Førde. Det betyr kortare og i mange tilfelle meir behageleg reise enn om ein skulle køyrd heilt til Førde.

Hovudproblemet som ikkje er løyst, er nordfjordingar sin fornuftige rett til å ha Volda som sitt akuttsjukehus. Heldigvis finst det mange oppegåande legar i Nordfjord som set pasienten i fokus og sender han eller ho til næraste sjukehus sjølv om det betyr kryssing av føretaksgrensa. Men det skjer ikkje alltid utan kamp. Det går historier om diskusjonar inne i ambulansen når denne kjem til rundkøyringa i Stryn. Skal ein køyre rett fram til Førde og gjere som Helse Førde vil, eller skal ein svinge til høgare og velje kortaste vegen til Volda.

Nordfjordsrådet er allereie utfordra på å ta politiske grep for å få ei avgjerd om flytting eller oppmjuking av føretaksgrensa. All fornuft tilseier at nordfjordingar må kunne bruke Volda som akuttsjukehus, utan å måtte argumentere kvar gong. Folk flest ser det, lokalpolitikarar ser det, sjukehuslegar ser det. Då forventar vi og at helseregionane tek nødvendige grep for å tilpasse seg den nye kvardagen vi har fått. Halvtanna år etter opninga av Kvivsvegen er det på høg tid å tilpasse seg verkelegheita.

Skal framleis gå heilt til Måløy

Alle avgangane til Nordfjordekspressen skal halde fram med å gå til Måløy, og rutetilbodet til Nordfjordekspressen skal vere uendra fram til 30. april 2015, opplyser fylkesdirektør for samferdsle, Velaug Veum, i ei pressemelding.

Dermed vil det ikkje bli noko av at enkelte av Nordfjordekspressen sine avgangar kjem til å stoppe på Nordfjordeid.

Nettbuss søkte fylkeskommunen om å få endre ruteplanen og leggje ned enkelte avgangar mellom Nordfjordeid og Måløy, men denne søknaden vart avslagen av hovudutval for samferdsle.

Nettbuss har akseptert avslaget og vidarefører no dagens rutetilbod mellom Nordfjordeid og Måløy.

– Busselskapet får ein kompensasjon på om lag 930.000



Nordfjordekspressen skal framleis gå heilt til Måløy. (Illustrasjonsfoto: Nettbuss AS / Bård Ivar Basmo)

kroner frå fylkeskommunen for å dekkje underskotet dei får ved å vidareføre rutedrifta som i

dag. Dette har dei rett på etter yrkestransportforskrifta, opplyser Velaug Veum.

Ompapengar blir gåvemidlar



Frå Oktoberfesten i 2010. (Foto: Harald Vartdal).

2013 var eit godt år for oktoberfesten i Stryn -også økonomisk. No ønskjer arrangøren, Stryn Ping Pong Club (SPPC), å dele noko av overskotet med lag og organisasjonar i Stryn og Hornindal.

– Vi har oppretta gåvemidlar som vi ønskjer skal gå til gode tiltak og prosjekt i Stryn og Hornindal kommune, opplyser lovmann Endre Bø frå SPPC.

Han tykkjer det er vanskeleg å seie noko om kva prosjekt som det passar å søkje støtte til, men dess meir almenntilgjengleg dess større er sjansen for uttelling på søknaden.

– Ein må fortelje kva tiltaket eller prosjektet går ut på, og seie noko om dei økonomiske rammane. Under Ping Pong revyen i påska vil vi offentleggjere kven som får midlar, seier Bø.

Slutt på papirdokument i kommunestyret

Førre veke var siste kommunestyremøtet i Stryn der sakspapira vart skrivne ut og sendt kommunestyrerepresentantane på førehand. Heretter er det nettbrettet som gjeld og lesing av dokument i det digitale formatet. Både

på førehand og under møta. – Alle i kommunestyret får kvar sine nettbrett. Dette er ei lita investering i høve innsparingane på kopiering, utsending og bruk av arbeidstid, seier ordførar Sven Flo.

Sven Flo og kommunestyrerepresentantane må forholde seg til nettbrett i staden for papirdokument i framtida.



FJORDINGEN

Postboks 248, 6781 STRYN

Sentralbord tlf. 57 87 45 00

Telefax: 57 87 45 20
Kontortid: 8.30 - 15.30 måndag - fredag

Vakttelefon redaksjon 40 40 21 40
E-post: redaksjon@fjordingen.no

Levering av dødsannonsar søndag kl. 16.00 - 17.00:
Tlf. 57 87 45 11

Ansvarleg redaktør/ dagleg leiar
Bengt Flaten
Tlf. 57 87 45 01/ mob. 90 20 12 30
Privat tlf. 57 87 95 66
E-post: bengt.flaten@fjordingen.no

Marknadssjef Ove André Aarskog
Tlf. 57 87 45 02.
Mob. 91 86 20 02
E-post: ove.andre.aarskog@fjordingen.no

Marknadskonsulent Elisabet S. Lunde
Tlf. 57 87 45 09.

Adm. sekretær Mariann Nedre-Flo
Tlf. 57 87 45 00

Journalist Gunnhild Sindre
Direkte tlf. 57 87 45 08
Mob. tlf. 90 05 59 56
gunnhild.sindre@fjordingen.no

Journalist Roy Aron Myklebust
Direkte tlf. 57 87 45 06
Mob. tlf. 90 58 14 78
roy.aron.myklebust@fjordingen.no

Redaksjonssjef Hans Holmøyvik
Direkte tlf. 57 87 45 07
Priv. tlf. 57 86 35 19
Mob. tlf. 41 62 51 25
hans.holmoyvik@fjordingen.no

Journalist Harald Vartdal
Direkte tlf. 57 87 45 05
Privat tlf. 57 87 96 43
Mob. tlf. 47 41 43 59
harald.vartdal@fjordingen.no

Journalist Ove Sveen
Direkte tlf. 57 87 45 10
Privat tlf. 57 87 16 03
Mob. tlf. 90 87 63 22
ove.sveen@fjordingen.no

Typograf Olaug Tunold Aarøen
Tlf. 57 87 45 11
Typograf Unni Skåre
Tlf. 57 87 45 12

**Annonse
torget**

Kr. 179,- for 3 innrykk i papiravisa og 14 dagar på nett. Bilde på nett er inkl. i prisen. Ev. bilde på trykk i avisa kr. 99,- ekstra. Sjå www.fjordingen.no

Andre prisar sjå www.fjordingen.no eller kontakt oss på tlf. 57 87 45 00.

Abonnement 1/1 2014 til 31/12 2014:
Laussal kr. 20,- 1/1 år kr. 1530,-
1/2 år kr. 825,- 1/4 år kr. 510,-
PDF-abonnement: Pris som papirutgåva.

E-post adresser: annonse@fjordingen.no abonnement@fjordingen.no adm@fjordingen.no redaksjon@fjordingen.no teknisk@fjordingen.no

Fjordingen på nett: www.fjordingen.no Utgjevingdagar: Måndag, onsdag og fredag. Avfotografering og anna bruk av stoff, bilde og annonsar er ikkje tillate utan løyve frå Fjordingen.